



Fornøgd gruppe av uskedelinger på Nåso i dag. Frå venstre Bjarte Døssland, Viljar Simonnes Tveit, Bjørn Olav Tveit, Johannes Hjørnevåg, Klara Bakke, Anette Sundt, Michael Røssland og Siren Simonnes (Foto: Janne Yri)

Det var stor utfart til Ulvanåso i dag trass i våt nysnø og klabbeføre som gjorde at det vart ein tung tur frå Tveitedalen mot toppen, Men føret var ingen hindring. Uskedelingane var i eit klart fleirtal og talde 15 personar med Viljar Simonsen Tveit som den yngste.

Nysnøen tinar fort, men det er truleg snø nok til nokre fleire vellukka turar på det storslagne og vakre fjellet i 1250 meters høgde.

uskedalen.no hadde kontakt med ei gruppe frå Haugesund og ei frå Stord/Bømlo. På spørsmål om Ulvanåso er eit kjend omgrep i Haugesund var svaret:
- Ikkje Ulvanåso men berre Nåso

Av Kristian Olav Bringedal